



**Idrettslaget har fått tilsamen over kr 10000 frå tre Uskedalsbedrifter i samband med Solfjelløpet til helga opplyser leiar Ole Vidar Monsen.**

Dette er Afa med 4500, Uskedal Trelastlager /Byggeriet med 3000 og Norgeshus Byggpartner Kvinnherad 3000,

-Det er veldig kjekt at bedrifter her i bygda ser verdien av å støtte slike arrangement, seier Monsen.

I løpet er det ei ny klasse av året, pluss 90 kilos klasse(konkurransklasse).

Arrangøren skal ha stand på Aktivitetsdagen dagen før så der blir det mogeleg å kjøpa startnummer og få generell informasjon

Det blir kåra beste idrettslag der dei tre beste, uavhengig av kjønn, tel.

Monsen oppmodar ikkje minst bedriftsidrettslag om å stilla.

- Ski/friidretts- og turgruppa har gjort ein fin dugnadsinnsats og oppgradert traseen, spesielt det siste stykket i bratthenget er blitt veldig bra. Viss ikkje det blir ny løyperekord i år, veit ikkje eg, seier Monsen

Ellers er opplegget det same som i fjor.

På biletet over tre som representerer dei tre gåvmilde bedriftene.

AFA er hovedsponsor. Frå venstre; Finn Guddal, Uskedal Trelastlager, Ole Vidar Monsen, Byggpartner Kvinnherad og Tor Vidar Sæle, AFA.